

Retningliner for vigsel i NLM trossamfunn

For vigslarar

NLM trossamfunn fekk godkjent vigselsrett 22.10.2022. Vigsel kan ikkje utførast av andre enn dei trossamfunnet har søkt og fått godkjent som vigslarar av statsforvaltaren. Vigsel utført av andre enn godkjente vigslarar er ikkje gyldig og gjer også ekteskapet ugyldig. Ekteskapet vert også ugyldig om ikkje vigselen vert utført etter godkjent vigselritual for NLM trossamfunn.

Vigslarar må vere medlem i NLM trossamfunn og vert utnemnd i samråd med regionen i Misjonssambandet der vigslar har ei stilling og rolle der dei har pastoralt ansvar. Vigslarar skal ha gått gjennom obligatorisk kurs for vigslarar før dei vert søkt godkjent hos statsforvaltar.

Generelt og offentleg vil vi leggje ut informasjon om at dersom ein ønskjer vigsel i trossamfunnet, må ein ta kontakt med ein av våre godkjende vigslarar.

Vigslarar skal vere kjent med desse retningslinene og fylgje dei.

- Ein av dei som vil gifte seg må vere medlem av NLM trossamfunn.
- Vi forutset den bibelske forståinga av ekteskapet mellom ein mann og ei kvinne.
- Vi vigslar ikkje personar som er gifte og skilde (gjengifte) Her viser vi til Misjonssambandets vegleiing «[Samliv i lys av Bibelen](#)».
- Vigslar sin rett til å nekte vigsel av desse grunnane er lovfesta i ekteskapslovas § 13.
- Vigsel må skje i tilknyting til eit forsamlings/menighetslokale. Om paret vil det i menighetslokale som ikkje Misjonssambandet disponerer, må paret avtale leige, ordne det praktiske og betale sjølv.
- Ynskjer paret å nytte vigslar som ikkje har si teneste i forsamling/region paret vil gifte seg i, skal vigslar klarere dette med forsamlingsleiar og regionleiar der vigsel skal skje. Som hovudregel vil det vere naturleg å nytte vigslar som har i teneste der vigsel skal skje.
- Av omsyn til vigslarane sin arbeidssituasjon, arbeidsplanar og behov for fritid avgjer vigslar når vigsel kan skje.

Styret for NLM trossamfunn/Hovedstyret i Misjonssambandet 30.03.2023/10.01.2024